

Villrein og ferdsel



Foto: Jon Erling Skåtan

Ope møte om villrein og ferdsel

Torsdag 28. februar – kl. 18.00

Tyrvelidhallen, Haukeli Skisenter

LENA ROMTVEIT kjem frå Norsk Villreinsenter sør på Skinnarbu. Ho vil gi ein introduksjon til villreinens innvandringshistorie, biologi og leveområde.

MARIANNE SINGSAAS (Norsk Villreinsenter) vil orientere om planar og prosessar som no er i gang, som er aktuelle for løyper og ferdsel rundt Vågslidområdet og Haukelifjell.

VÅGSLIDOMRÅDET er eit viktig reiselivs- og næringsområde i Vinje kommune, men også eit tidlegare viktig område for villreinens vandringar mellom Setesdalsheiane og Hardangervidda. Dei siste åra har ein fått mykje ny kunnskap om villreinens forhold til menneskeleg ferdsel og -aktivitet. Villreinen er sky og unngår områder med mykje menneskeleg aktivitet. Dette viser at kanalisering av ferdsel gjennom god planlegging og tilrettelegging av stiar og løyper er vesentleg i områder slik som Vågslid.

- **Møtet er gratis og ope for alle med interesse for villrein og villrein fjell.**
- **Det vil bli anledning til å stille spørsmål og diskutere i møtet.**
- **Det blir enkel servering av kaffi, te, mineralvatn og noko å bite i.**
- **Spørsmål til arrangementet kan rettast til:**
Guro Sødergren: fmavgso@fylkesmannen.no
eller til Lena Romtveit: lena.romtveit@villrein.no
- **Arrangør** er verdiskapingsprosjektet (faktaboks) i samarbeid med Norsk Villreinsenter og Vinje kommune. Møteleiar er ordførar i Vinje, Jon Rikard Kleven.

Arrangementet er ein del av verdiskapingsprosjektet *Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell* der verneområdestyret for SVR er prosjekteigar. Dette er eit fireårig prosjekt med føremål å auke kunnskap og medvit om villrein og villrein fjell slik at arten og leveområda vert ivareteken. Gjennom ein rekke arrangement og tiltak ønskjer ein å bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villrein fjell. Kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, villreinlag og villreinnemnd er med som partar i prosjektet.

For meir informasjon:
www.svr.no

